



Innst. S. nr. 13

(2004-2005)

Innstilling til Stortinget fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen

St.prp. nr. 81 (2003-2004)

Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Felleskapet sitt handlingsprogram for å førebygge og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

Til Stortinget

SAMMENDRAG

EU-programmet om tiltak for å hindre vald mot barn, ungdom og kvinner og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II) vart formelt vedteke i EU 21. april 2004 ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 803/2004/EF. Programmet skal vare i tidsrommet 2004-2008.

Daphne II er ei vidareføring av det første Daphne-programmet som omfatta tidsrommet 2000-2003. Daphne I medverka til å auke det fokuset medlemsstatane har på motkjemping av vald og på å skape samarbeid mellom ulike europeiske organisasjonar som arbeider for å hindre vald. Prosjekta som mottok støtte frå programmet har medverka til auka aktivitet mot vald blant organisasjonar og institusjonar i Europa. Vidare gav Daphne I ein solid medverknad til kampen mot menneskesmugling, kvinneleg kjønnsdiskriminering, seksuelt misbruk og pornografi.

Daphne II har som målsetjing å medverke til auka vern av fysisk og psykisk helse og til å støtte ikkje-statlege organisasjonar og offentlege organisasjonar som arbeider mot vald. Programmet vil gje støtte til prosjekt som medverkar til skiping av samarbeid over landegrensene og tverrfaglege nett. Daphne II vil medverke ytterlegare til å identifisere god praksis ved å oppmuntre til fornying og utveksling av relevant informasjon. Vidare vil det verte utveksla gode røynsler om til

dømes kva tiltak som er gjorde, og kva metodereiskapar og samarbeidsformer som er utvikla, og det vil verte medverka til at desse vert tilpassa og iverksett i nye samanhenger.

Norsk deltaking i programmet gjer det naudsynt med budsjettvedtak over fem år, og i samsvar med § 26 andre leddet i Grunnlova er det difor naudsynt med Stortinget sitt samtykke til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen. Med sikte på at Noreg skal kunne ta del i programmet så tidleg som råd, er det lagt opp til at stortingsproposisjonen vert fremja før avgjerda vert teken i EØS-komiteen. Det er venta ei avgjerd i EØS-komiteen tidleg på hausten 2004.

Både private og offentlege organisasjonar, universitet, forskingsinstitusjonar og andre institusjonar på lokalt plan som driv verksemd på dette området, kan søkje om midlar til prosjekt. For å ha rett til støtte må prosjekta omfatte minst to land og ikkje vare lenger enn to år. Europakommisjonen skal, i nært samarbeid med medlemsstatane, sikre iverksetjinga av programmet.

Den norske deltakinga i Daphne II har som mål å aktivisere fleire frivillige og offentlege organisasjonar til å delta som koordinatorar eller som partnerar.

Det totale budsjettet for dette femårige programmet er på 50 mill. euro. For 2004 er budsjettet på 8,4 mill. euro. For Noreg sin del vil løyvinga utgjere litt mindre enn 1,1 mill. euro for tidsrommet 2004-2008. Det vil seie at Noreg sin del i gjennomsnitt vil vere på 1,8 mill. kroner per år i programperioden.

Det er sett av midlar til norsk deltaking for 2004 på Barne- og familiedepartementet sitt budsjett (kap. 857 post 79).

Gjennomføringa i norsk rett gjer det ikkje naudsynt med lov- eller forskriftsendring.

Det går fram av proposisjonen at røynslene frå det første Daphne-programmet har vore positive. Noreg har teke del i fleire prosjekt, og dette har vore nyttig i høve til arbeidet mot vald. Vidare er det viktig at Noreg viser eit europeisk engasjement. Gjennom deltaking i

Daphne II kan Noreg gje og motta impulsar frå andre statar i Europa når det gjeld arbeidet mot vald. Daphne II kan såleis vere eit verkemiddel for å fastsetje eit godt samarbeid mellom Noreg og andre statar i Europa for å hindre vald.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eirin Faldet, Trond Giske og Torny Pedersen, fra Høyre, Afshan Rafiq, lederen Sonja Irene Sjøli og Olemic Thommessen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Erik Knudsen og Karin S. Woldseth, fra Sosialistisk Venstreparti, Magnar Lund Berge og May Hansen, fra Kristelig Folkeparti, Dagrun Eriksen og Ola T. Lånke, og fra Senterpartiet, Eli Sollid Øveraas, viser til at handlingsprogram for å forebygge og motkjempe vold mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet) formelt ble vedtatt i EU 21. april 2004 ved europaparlaments- og rådsavgjørelse 803/2004/EF. Programmet skal vare i tidsrommet 2004-2008.

Komiteen vil påpeke at en innlemmelse av programmet innebærer en endring av protokoll 31 i EØS-avtalen om samarbeid på særlige områder utenfor de fire friheter. Endringen fører til at EØS-samarbeidet utvides til å gjelde dette programmet. Siden deltakelse i programmet medfører bevilgninger over 5 år, er Stortingets samtykke til deltakelse nødvendig, jf. Grunnloven § 26 annet ledd.

Komiteen viser til at hensikten med det første Daphne-programmet var å sette fokus på ansvaret EU-landene har når det gjelder å bekjempe vold mot barn, ungdom og kvinner. I tillegg har programmet hatt som mål å skape samarbeid mellom ulike organisasjoner som arbeider for å hindre vold. Programmet har blant annet vært viktig i arbeidet mot menneskesmugling og seksuelle overgrep. Norge deltok ikke i det første programmet, men har deltatt i flere delprosjekt. Erfaringene med dette er gode.

Komiteen viser til at Daphne II skal videreføre dette arbeidet ved spesielt å sette fokuset på fysisk og

psykisk helse. Det skal gis støtte til ikke-statlige organisasjoner som arbeider med voldsspørsmål.

Komiteen mener at disse spørsmålene krever internasjonalt samarbeid og kompetanse. Blant annet er et av målene for programmet å utvikle framgangsmåter som skal sikre interessene til barn som er offer for prostitusjon og til kvinner som er offer for vold. Et annet viktig mål er å øke samarbeidet mellom ikke-statlige organisasjoner og styresmakter. Komiteen mener det er positivt at ulike organisasjoner og forskningsmiljøer kan nyttiggjøre seg midlene i programmet. På bakgrunn av dette ser komiteen det som riktig at Norge deltar i dette programmet. De årlige utgiftene for norsk deltakelse er i gjennomsnitt beregnet til å ligge på ca. 1,8 mill. kroner pr. år i programperioden. For 2004 blir utgiftene dekket over budsjettet til Barne- og familiedepartementet (kap. 857, post 79).

Komiteen tilrår at Stortinget gir sitt samtykke til deltakelse i en beslutning i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtalen av avgjørelse nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å forebygge og motkjempe vold mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet).

UTENRIKSKOMITEENS MERKNADER

Utkast til innstilling har vært forelagt utenrikskomiteen som i brev av 20. oktober 2004 opplyser at komiteen ikke har merknader.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å forebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet).

Oslo, i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, den 21. oktober 2004

Sonja Irene Sjøli
leder

Torny Pedersen
ordfører